



**Til
Miljøverndepartementet**

Bergen 03.september 2009

Høyringsuttale – framlegg til statlege planretningsliner for differensiert forvalting av strandsonen langs sjøen.

Vi syner til departementet sitt høyringsbrev dagsett 29.06.2009.

Fylkesstyret i KS Hordaland handsama saka i styremøte 31.08. og vil avgje følgjande uttale:

For mange av kommunane i Hordaland er dei *maritime* ressursane dei viktigaste ressursane kommunen har. Dette legg ulike former for press på strandsona. Forslaget til retningsliner speglar i for liten grad at strandsona ikkje berre er rekreasjon, men og viktig for næringslivet.

KS Hordaland kan vera samd i at forvaltinga må vere differensiert men meiner forslaget i for liten grad tek inn over seg dei store ulikheter som landet og kysten har. To sett retningsliner for heile landet vil derfor etter vårt syn ikkje ivareta slike ulikheter. Til det er kysten og kystkulturen for mangfaldig.

Styret i KS Hordaland kan støtta tanken om at det framover vil vera behov for eit sett med nasjonale retningsliner men at desse i større grad må ta omsyn til dei ulikheter av behov og press på standsona ein har i dag og at desse og må spegle kystområde sine utfordringar og naturgjevne ressursar.

Beste helsing

Inge Reidar Kallevåg
Styreleiar /s

Victor Ebbesvik
Regionleiar /s